

Naturbasert reiseliv kombinert med eit klima i endring, overturisme og naturfare

- Reiselivet i dette fylket er i stor grad naturbasert, korleis skal vi møte framtida med eit klima i endring, auka naturfare, og mål om auka lokal verdiskaping?
- Turistar, både norske og utanlandske oppsøker områda av di vi har mykje flott og spektakulær natur. Dei har vorte presentert for den gjennom massiv marknadsføring, så kvifor skal dei ikkje få lyst til det?
- Korleis skal vi kunne vidareføre desse verdiane til framtidige generasjonar med dei utfordringane vi har?




Korleis kan vi ta grep?, kva har vi i verktøykassa vår?

- Covid-19 har gjeve oss ein peikepinn på kva vi har i vente...
- Vi må reise mindre, folk må opphalde seg lenger, og dei må legge att meir
- Vi må få meir lokal verdiskaping ut av dei tilreisande på same tid som opplevinga for dei som besøker oss må vere tufta på kvalitet
- Lokalsamfunnet skal gle seg på ein ny sesong
- Dette krev god planlegging på alle nivå; kommune, fylkeskommune, nasjonalparkforvaltning, fylkesmann, reiselivet, nasjonalt plan, aktørar på alle nivå må arbeide i same retning
- Felles mål må vere god besøksforvaltning



Besøksforvaltning er det viktigaste verktøyet i verktøykassa

- Med besøksforvaltning set vi lokalsamfunna fremst. Målet er å utvikle gode og bærekraftige lokalsamfunn som ynskjer turistar av di ein ser at det er god lokal verdiskaping.
- Besøksforvaltning kan ta tak for å unngå overturisme, slitasje på naturen og på befolkninga utan å legge att noko særleg lokalt.
- God besøksforvaltning betyr også at ein:
 - Overvåker utsatte/sårbarle punkt som kan føre til naturfare
 - Styrer folk i den retninga vi ynskjer dei
 - Skilter, merker, informerer i riktig kanal
 - Skaper gode tilleggsprodukt som natur- og kulturstiger for å spreie trykket
 - Tilbyr guiding, auka etterspurnad sommaren 2020
 - Får på plass viktige infrastrukturtiltak som kollektivtilbod, parkering, søppel- og toaletthandtering
 - Sørger for at produkta er gode nok før ein marknadsfører dei, ikkje omvendt
 - Førebud seg på utfordringar på utsette punkt som t.d. Besseggen
 - Arbeider med målgruppene ein ynskjer, og rette informasjon, marknadsføring mm spesielt for desse



Kvifor er dette så viktig

- Besøket aukar fort enkelte plassar i Norge, det har vi fleire eksempel på; Lofoten, Trolltunga, Preikestolen, her i fylket Besseggen
- Overturisme fører til utfordringar som fleire redningsaksjonar, slitasje på natur, lokalsamfunn som har nådd tålegrensa
- Vi har klimaendringar og auka naturfare; redningstenesta førebur seg på uante hendingar med bakgrunn i auka naturfare
- Vi må endre reiselivet frå å belaste kloden med store utslepp, til fossilfri lokal verdiskaping. Det er noko dei fleste er klar over nå
- Reiselivet er av dei næringane vi skal leve av i framtida, Innlandet fylke er det største reiselivsfylket i Norge
- Vi skal overføre verdiane turistane ynskjer å oppleve til neste generasjon. Av den grunn må vi planlegge for framtida og drive god forvaltning
- Altså må god besøksforvaltning inn på alle nivå i planlegginga

